

Høyringsbrev

Dato: 21.11.2016

Til: Adressatane, jf. liste over høyringsinstansar

Frå: Delprosjekt Leiing og fagleg organisering - Prosjekt Fagleg og administrativ organisering - Fusjonsprogrammet HiB, HiSF og HSH

Saknr: 16/05229

Emne: Høyring – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering

Delprosjektet sitt mandat:

Delprosjekt Leiing og fagleg organisering er eit delprosjekt under Prosjekt Fagleg og Administrativ organisering. Delprosjektet skal kome med forslag til leiarstruktur (fagleg og administrativ) og organisering av den faglege verksemda ved høgskulen. Arbeidet skal byggje på prinsippa for leiing og fagleg organisering som er fastslegne i fusjonsavtalen.

Den føreslegne leiarstrukturen skal leggje til rette for ein tydeleg organisasjon med god rolleavklaring. Leiarstrukturen skal vidare leggje til rette for effektivisering og digitalisering av tenester og vere i samsvar med prinsipp for standardisert arbeidsflyt, med eins struktur i heile organisasjonen og samsvar mellom ansvar og mynde.

Delprosjektet greier ut forslag til:

1. Leiarstruktur og funksjonsområde for leiarar på nivå 1.
2. Leiarstruktur for nivå 2 og prinsipp for leiing på nivå 3. I forslaget skal det og inngå ei vurdering av behovet for understrukturar på nivå 3.
3. 2-3 ulike modellar for organisering av den faglege verksemda. Modellane skal innehalde vurderingar av:
 - Organisering i fakultet/«schools»/institutt/program/forskingssenter på nivå 2, samt prinsipp for organisering på nivå 3
 - Oppgåver/arbeidsdeling mellom ulike nivå og einingar/område
 - Ressursbehov og moglegheiter for robuste miljø
 - Råd- og utvalsstruktur
 - Styringsorgan på nivå 1 og 2

Samansetting av delprosjektet:

Wiggo Hustad	Delprosjektleder/dekan	HiSF
Tarald Seldal	Instituttleder	HiSF
Svein Abrahamsen	Stipendiat	HSH
Hellen Dahl	Høgskolelektor	HSH
Nils-Ottar Antonsen	Instituttleder	HiB
Silje Valde Onsrud	Senterleder	HiB

Invitasjon til innspel:

Avdelingar og administrative einingar, dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamentar inviterast til å kome med innspel til rapporten i sin heilskap. Sjå vedlagte høyringsinvitasjon og mal for høyringssvar for viktige problemstillingar delprosjektet særleg ynskjer innspel på.

Høyringsprosess

Leiarar og andre som mottok høyringsinvitasjonen må leggje til rette for gode prosessar i dei einingane/organisasjonane dei er ansvarlege for/representerer. Brei medverknad og gode innspel bidreg til eit godt avgjerdsgrunnlag når saka vert lagt fram for styret.

Høyringsfrist

Frist for å sende inn høyringssvar til rapporten er 9.12.2016.

Vi ber om at einingane svarer samla. Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg. Bruk helst vedlagte mal for høyringssvar.

Høyringsinnspela sendast til: post@hib.no, post@hisf.no eller postmottak@hsh.no

Høyringsinstansar

Avdelingane ved HiB, HiSF og HSH

Administrative einingar ved HiB, HiSF og HSH

Studentparlamentar ved HiB, HiSF og HSH

Tilsette sine organisasjonar ved HiB, HiSF og HSH